



## Haustetidsvurderingar veke 36 – ekstra prøver fredag 9.9

Fredag 9. september vart det teke ut ekstra prøver av Summerred og Celina i utvalde felt for å sjå korleis dei hadde utvikla seg, då me venta at hausting kunne vere nært føreståande. Fastleik vart målt på Celina frå to felt på Leikanger og Slinde, og fastleik og Brix (ref) vart målt på Summerred frå Leikanger.

Celina i seinare felt (ref. T. Fosshagen og H. Fimreite) kan haustast frå måndag 12.9. Pærene er framleis litt harde, men med vêret som er meldt for helga er fastleiken venta å minke rimeleg raskt. For dei tidlegare pærefelta held me fast på tilrådinga frå førre haustetidsvurdering (måndag 5.5), altså at pærene er hausteklare no. Det vert ikkje teke fleire haustetidsprøver for pærer i år.

Summerred er ikkje heilt klar for hausting endå. Nye prøver vert teke på måndag.

Måndag 12.9 tar me prøver av: Summerred, Gravenstein, Aroma og Eden.

### Celina

#### Optimalverdiene ved hausting:

Fastleik: 5,5-6 kg/cm<sup>3</sup>

Sukker (Ref): 10,5 %

Dyrkar	Terje Fosshagen				Helge Fimreite			
Sted	Leikanger				Nornes			
Avlingsnivå	3				3			
Dato	22.08.22	29.08.22	05.09.22	09.09.22	22.08.22	29.08.22	05.09.22	09.09.22
Vekt (g)	117	133	142	145	105	115	141	136
Fastleik (snitt)	8,7	8,2	7,5	7,0	8,7	8,3	7,3	7,0
Fastleik (maks)	11,0	10,4	8,1	7,8	10,0	9,1	8,5	8,4
Fastleik (min)	7,3	6,8	6,6	6,2	7,6	7,2	6,1	5,7
Ref	9,3	10,0	10,1	-	8,7	8,9	9,4	-

Dyrkar	Gunvor Lidal			Tone Midlang		
Sted	Slinde			Feios		
Avlingsnivå	3			3		
Dato	22.08.22	29.08.22	05.09.22	22.08.22	29.08.22	05.09.22
Vekt (g)	130	152	182	116	149	163
Fastleik	8,4	7,4	7,0	9,3	8,1	7,1
Fastleik (maks)	9,8	8,6	8,7	10,6	9,6	9,2
Fastleik (min)	6,8	5,8	5,7	8,1	6,6	6,0
Ref	8,7	9,4	9,4	10,4	10,4	11,6



## Summerred

### Optimalverdiane ved hausting:

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm<sup>3</sup>

Sukker: 10,5 %

Stive: 5-7

Streif-indeks: 0,09-0,11

<b>Dyrkar</b>	Lars Eskestrand		Terje Fosshagen		
<b>Sted</b>	Slinde		Leikanger		
<b>Grunnstamme</b>	0		0		
<b>Avlingsnivå</b>	0		3		
<b>Dato</b>	29.08.22	05.09.22	29.08.22	05.09.22	09.09.22
<b>Vekt (g)</b>	115	130	124	157	133
<b>Grunnfarge</b>	C2	C2	C1	C1-C2	C2
<b>Fastleik</b>	9,6	8,7	8,1	8,0	7,9
<b>Ref</b>	9,7	10,5	10,0	9,8	10,5
<b>Stive</b>	2,9	2,5	3,7	4,4	-
<b>Streif</b>	0,345	0,330	0,221	0,188	-